

Fråsegn om EU sin plan for fornybar energi-utbygging – RePowerEU og energipakke 4.

EU lanserte i mars 2021 ein storstilt plan for fornybar energi-utbygging, kalt RePowerEU. Inkludert i den er ei revidering av tre aktuelle direktiv: fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsenergidirektivet. Dei er alle retta mot det grønne skiftet.

Det er god grunn til å tru at alt dette vil verta gjort EØS-relevant, og det er grunn til å tru at norske styresmakter vil slutta seg til både den overordna planen og dei tre reviderte direktiva.

Dette vil føra til større tap av suverenitet, og det vil innebera overnasjonalitet i mykje større grad en det me har sett hittil på det energipolitiske området.

Domen i Høgsterett om vindturbinane på Fosen har fått stor merksemd i presse og media. Regjeringa har måtta orsaka seg, og dei arbeider med å finna løysingar i saka. Enn så lenge har norske styresmakter ein viss råderett over energipolitiske spørsmål, og i denne konkrete saka kan styresmaktene kan fatta sjølvstendige, nasjonale vedtak.

RePowerEU legg opp til ei storstilt og snarleg utbygging av havvind, landvind og solenergi. Planen lanserer eit hurtigspor for å nå desse måla, ein klar indikasjon på at planleggingstida for slike prosjekt skal ned, og omsyn til natur, kultur, historie og tradisjon skal svekkast. Oppstart skal og kunna skje før konsesjon er ferdig handsama. Intensjonen i planen er klar, om nasjonalstatane sjølve ikkje maktar å få fortgang i prosjekta, vil EU kunna gripa inn og overstyra. Overnasjonalitet vert den nye politiske trenden, langt utover det me ser som ein realitet i dag.

Alt ved å innlemma Norge i energipakke 3 og ACER, har suvereniteten vår blitt svekka. RePower EU vil ta frå oss endå meir suverenitet. Det same vil energipakke 4.

Hordaland Nei til EU stiller følgjande krav dei folkevalde:

- Nasjonal råderett over det energipolitiske området.
- Så lenge EØS-avtalen regulerer forholdet vårt til EU, må styresmaktene utfordra handlingsrommet i avtalen ved å reservera seg i forhold til energipakke 4 og RePowerEU.
- Vedtaket om energipakke 3 og ACER må reverserast.
- Det må arbeidast aktivt for å erstatta EØS-avtalen med ein tosidig, likeverdig handelsavtale.

Hordaland Nei til EU v/fylkesstyret